

Nr. 2-2013, årgang 48.

KYRKJEBLAD


for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund og Kilen sokn.



Før påske 2013 arrangerte Sabra Fokusreiser ein tur til Israel. Bildet frå Jerusalem med Klippemoskéen er teke laurdag 16. mars. Det var med ni personar frå Kviteseid. Tre av desse var f.v.: Margrete Sofie Groven, Sveinung Foldøy, Emanuel Riis.

Side 4: Les om turen til Israel.

Side 10: Møt Endre Sandland frå Ordal.



Kontaktinformasjon

Ansvarleg redaktør:
Hallvard N. Jørgensen

Bankgiro:
Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615

Aktuelle adresser:

Kyrkjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28
Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid
E-post:
kyrkjekontoret@kviteseid.online.no

Olav Nordskog
Kyrkjeverje
Kontor tlf. 35 06 81 31

Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48

Werner Thorkildsen
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar

Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48

Geir Valle
Sokneprest i Kviteseid og Brunkeberg
Kontor tlf. 35 06 81 32
Mobil tlf. 97 15 04 27
Bustad tlf. 35 05 51 75
E-post: ge-vall@online.no

Hallvard Nordbø Jørgensen
Sokneprest i Vrådal, Fjågesund og Kilen
Kontor tlf. 35 06 81 29
Mobil tlf. 95 92 29 84
E-post: hallvardnj@gmail.com

Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80

Om bladet

Framsidedfoto: Olav Mosdøl
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit og
Niklas Karlsen
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bidragstytarar i dette nummer: Kjell Arne
Norum, Hallvard Nordbø Jørgensen, Geir
Valle, Olav Mosdøl, Jan Haugen, Åsbjørg
Hægeland.



Foto: Getsenanehagen, Olav Mosdøl

Når Gud arbeider med hjarte

Eg er så heldig at eg av og til får vere på bønemøte med ei handfull truande sysken i generasjonen over meg. Eg merkar nauda dei har for menneska rundt seg og for bygda vår. Eg observerer også at desse forbedarane gjer mykje godt for menneska rundt seg. Eg er ikkje i tvil om at det er ein samanheng her.

Det er eit kjent uttrykk at vi må ha ”to tankar i hovudet samstundes”. Her kjem to slike tankar:

1: Når vi ber om at menneske skal bli kjent med Gud, få hjelp i naud av ulike slag, osb, då høyrer Gud. Han vil at vi skal be for alle menneske (1. Tim 2.1). Og Gud arbeider på sin eigen kloke og tålmodige måte med dei vi ber for. Eg tenkjer meg at han arbeider med menneskehjarta, slik sol og regn arbeider med å gjere frukta mogen om sommaren.

2: Og samstundes som dette skjer, gjer bøna vår noko med oss sjølv. Går det

an å be ærleg for eit medmenneske, men ikkje vere villig til sjølv å vere ein reiskap for Guds kjærleik? Armane våre kan brukast av Gud når han vil famne om eit av borna sine.

Efesarbrevet kap 2 snakkar om at Gud har lagt ferdige gode gjerningar vi skal få vandre i. Eg trur bøn gjer oss betre i stand til å oppdage nokre av situasjonane Gud leier oss til. Nesten som at vi er innstilt på ein eigen frekvens.

Kjell Arne (Norum) har minna oss på følgande i ei gudsteneste: ”Bøn er ikkje å ta på seg byrder, men å legge av seg byrder hos Gud.” Så heldige vi er: vi kan legge fram for ein allmechtig Gud dei sakene og menneska vi er urolege og bekymra for. Så kan vi gå vidare i livet og heller bruke kreftene våre på å bry oss.

Åsbjørg Hægeland

Vandring for håp

„Å vandre med håp“ vart i fjor arrangert for femte gong. Pilegrimsvandringa går over fem dagar, og nesten seks mil. Frå Grunge kyrkje til Røldal.

„Å vandre med håp“ er eit breitt samarbeid mellom kyrkje og psykisk helse. Alle Vest-Telemark kommunane er med, saman med KVITO og Distrikts-Psykiatrisk Senter i Seljord – Mest vil eg hugse dei venelege andleta“, sa ei etter vandringa. Det er vanskeleg å måle effekten av venlege andlet. Men „Å vandre med håp“ har synt seg å gjera ein skilnad for mange.

– Eg hadde valet mellom å bli lagt inn eller gå pilegrim, fortalte ein. Vandringa utviklar elles gode samarbeidsrelasjonar mellom ulike

tenester innan Vest-Telemark. KVITO sin store innsats med middagane er vert å nemne, dessutan sponinga frå Telemark Utviklingsfond som bergar økonomien.

I fjor kom Pierre, ein haikar frå Frankrike innom overnattingstaden i Vågslid. Hans oppsummering av samveret seier sitt: – Eg veit at det er nokon som er litt gale her, men ikkje kven?“.

Legg ein saman deltakarane dag for dag under fjorårets „Å vandre med håp“ vert det 220. Atten gjekk heile vegen.

I år startar „Å vandre med håp“ måndag 23.august.

Eilev

Ei reise til Israel

Namnet Israel betyr mykje for mange. Det vesle landet i Midt-austen er kalla Det heilage landet. Israel rommar ei spesiell historie framfor alle andre landområde. Kristne, jødar og muslimar ser på landet som sentrum for si tru; utgangspunktet for religiøse, moralske og kulturelle verdiar. Landet er fullt av hendingar frå tallause generasjonar. Stadnamn og personar dukkar opp gjennom soger og dramatiske situasjonar. Spørsmåla reiser seg: Kva var bakgrunn for dei ti bodorda, for

Salomos høgsong og Jobs klage? Korleis forma landet Jesus og livsløpet hans? Korleis levde dei første kristne?

Dette kan vere tankar og refleksjonar som fleire av oss har arbeidd mykje med. Me minnest dagane våre i folkeskulen. Der hadde me ikkje fagplanar med RLE (religion, livssyn og etikk). Me hadde kristendom / bibelhistorie. Læreboka vår var: Volrath Vogt: Bibelhistorie for folkeskulen. Ny utgåve ved Lauritz Holsvik. Der lærde me forteljingane om urhistoria, saga



I Timna park, 25 km nord for Eilat, er det reist ein modell av det bibelske tabernaklet.



Båten vår på Genesaretsjøen ved Magdala. Sjøen gjev ferskvatn til store område av Israel. Jordanelva fører vatn frå friske kjelder ved Cæsarea Filippi og Hermonfjellet.

om gudsopenberringa, livet og lagnaden til jødefolket, profetane si oppgåva. Frå Det nye testamentet møtte me forteljingane om Jesu liv. Desse kunne vere kopla saman med bibelord og salmevers. Me fekk eit indre landskap for vår tru.

Bakgrunn for reise

I unge år danna me oss eit vidare bilete av Israels land og folk. Inntrykka fekk si justering gjennom det vaksne livet. Me høyrde om jødane si spreing i forskjellige verdsdelar. Me las om Holocaust og nazistanes folkemord i 1938-45. Me fekk oppleve at staten Israel fekk sitt grunnlag gjennom Ben-Gurions erklæring i 1948. Jødefolket



Foto: Olav Mosdøl

Qumran ligg 20 km sør for Jeriko. Der vart dei vidjetne Daudehavsrollane funne i 1947. Essear-sekta heldt til her. Dei gammaltestamentlege skriftrullane vart gøymde i fjellholer.

forma sin republikk med parlamentarisk styre. Men fleire krigar følgde i kjølvatnet. Nemnast kan: fridoms-krigen, Yom Kippur-krigen og fleire Libanon-krigar.

Før påske 2013 kom Sabra Fokusreiser med tilbod om ein opplevingstur til Israel. Mange var interesserte, men enkelte følte ein viss reservasjon: Ville ein Israels-tur i dag øydeleggje det indre bilete av Det heilage landet? Resultatet vart at 22 personar frå Telemark, Vestfold og Sørlandet sa «ja» til reisa 09. – 22. mars. Gruppleiarar var Jonn Foldøy, Sveinung Foldøy og Steinar Svela.
(framhald side 8)



Konfirmantbilette

Framste rekke frå venstre:

Therese Eilefsen, Vilde Catherine Kråkenes, Vilde Sollid, Signe Andrea Bakkan,
Midterste rekke:

Freddy-André Magnussen, Sverre Henrik Riis, Hans Christian Svanajord, Sindre
Hallvard Nordbø Jørgensen.

Bakerste rekke:

Prest Kjell Arne Norum, Hans Tarjei Fjågesund, Sølve Slette-meås, Geir Tore



Randi Sandland.

Tveit Jensen, Kristian Lauvik Gjelstad, Runar Mathias Moe Straand, prest

Grave Aase, Hans Erling Kilen Midtbøen, Ivar Bjåland, prest Geir Valle.

(framhald frå side 5)

Dei seks andre frå Kviteseid var: Tordis Foldøy, Margrete Sofie Groven, Elise og Olav Mosdøl, Emanuel Riis og Ingebjørg Svela.

Når ein i etterhand skal summere opp nokre få inntrykk frå ei slik reise, ønskjer eg å ta med: første møtet med Israel, opplevinga, nokre foto.

Tre hovudpunkt

Guiden vår, Stefan f. 1955, betydde mykje for reiseopplegg og informasjon. Han var komen frå Sverige til Israel midt i 1970-åra. Som offiser kjenner han godt til den religiøse, politiske og militære situasjonen i landet. Første dagen (10. mars) tek han oss med til Independence Hall i Tel Aviv. Der blir me gjennom film og førelesing førde inn i Theodor Herzls kamp frå 1896 for å gje jødane eit heimland. Me høyrer om framvekst i sionistkoloniar, kjøp av land og kibbutz-bygging frå 1909. Balfour-erklæringa i 1917 frå den britiske utanriksministeren til sionistleiar Lord Rothschild gir støtte til jødane om ein eigen nasjonalheim. Seinare løfter Folkeforbundet fram tanken om ein jødisk nasjonalstat i Palestina: eitt land, to folk. Frå 1935 er David Ben-Gurion politisk førar for eit interimsstyre (Jewish Agency), og den 14. mai 1948 kjem hans statserklæring i Tel Aviv.

Så ruslar me den vesle turen til Jaffa. Namnet betyr den vakre. Byen har vore ein port mellom Det heilage landet og Middelhavsområdet. Hit kom det tømmer frå Libanon til Salomos tempel. Herifrå rømde profeten Jona

frå Herren. Her var apostelen Peter forkynnar for dei kristne (Apgj 11).

Det blei ei reise på nesten to veker med stort og variert innhald. Opplegget var å vise Israels plass gjennom historia; frå bibelsk tid, via krossfarartida og fram til våre dagar. Ruta gjekk slik frå måndag 11. mars: Cæsarea, Karmelfjellet, Bet-Sjean, kibbutz Mizra – der Stefan og fru Natalie bur, Nasaret, Tiberias, Genesaretsjøen, Kapernaum, Hermonfjellet, Golanhøgda, Jordandalen, Jerusalem, Holocaust-sentret, Betlehem, Qumran, Masada, Daudehavet og Eilat. (Jfr. kartskisse på framside-foto.)

Når ein ser tilbake, sit ein att med eit sterkt inntrykk. Reisa til Israel har gjort noko med ein. Fysisk og geologisk er landet annleis enn barndomsbiletet. Ikkje ei avlang, vid flate med storleik som Oppland-fylke og 8 millionar menneske. Det er variert og vakkert, det er øde og ørkenaktig. Det er eit land med to folk som er 'Abrahams barn', men dei kan ikkje bli forlikte.

Her steig Menneskesonen ned for å frelse sitt folk og verda. Difor sit eg her og tenkjer: Jesus er ikkje berre åndeleg. Han er blitt meir fysisk for meg etter reisa. Eg kan sjå han vandre ved Genesaret-sjøen i lag med læresveinane sine. Eg kan høyre han tale til Maria Magdalena og Sakkeus. Eg kan høyre han spørje Simon Peter – og meg: Elskar du meg meir enn desse?

Olav Mosdøl
olav@mosdol.no / tekst og foto

Oppslagstavla

Skysst til gudsteneste?

Kviteseid

Ring Hadle og Ragnhild på
tlf. 350 53 784.

Friluftsgudstenester i sumar

I løpet av sumaren blir ein del gudstenester haldne utanfor dei faste gudshusa/kyrkjene våre. Her er ein samla oversikt for sumaren 2013:

30. juni: Sud-Kilen gard kl 12, prost Øyvind Jørgensen.

21.juli: Undeberge i Fjågesund kl 16, Geir Valle.

4. aug.: Meinstad i Kviteseid kl 15, Geir Valle.

Biltransport for dei som ønskjer det, ring 97 15 04 27. Kyrkjekaffi.

11. aug: Morgedal grendehus, kl 11, Geir Valle.

Torsdagskveldar i juli

Som vanleg dei siste åra blir det Kveldsandakt i Kviteseid gamle kyrkje kvar torsdag i juli, d.v.s. torsdagane 4, 11, 18, og 25 kl 19.30 kvar gong. Som regel har vi kyrkjekaffi ute på kyrkjebakken etter andakta. Ein fin og roleg måte å avslutte ein sumarkveld på. Vel møtt!

Kyrkjegardsvandring i Brunkeberg

Sundag 1.september vil Historielaget i Kviteseid leia oss gjennom ei vandring på kyrkjegarden i Brunkeberg etter gudstenesta kl 11. Vi vil stoppe ved nokre utvalde graver, og få høyre litt om dei som kviler der, og om tidlegare tider. Etter kyrkjevandringa inviterer soknerådet på suppe, kaffi og brus i kyrkjesalen.

Gåver til Kyrkjebladet.

Vi vil gjerne oppmode fleire til å gje gåver til Kyrkjebladet for å sikre at bladet framleis kan gjevast ut og bli gratis dela ut til alle husstandane i bygda vår. Gåver til Kyrkjebladet kan betalast inn på konto 2660.10.30615, Kviteseid kyrkjelege Fellesråd, v/Kviteseid kommune. Utgiftene i fjor var ca 46 000 kr, og så langt har vi motteke ca 22 000 kr i inneverande år, så vi vantar framleis ca halvparten på å kunne dekkje dei påreknede utgiftene. Helsing Redaksjonen.

Litt «konsertnytt»

Ein gjeng på fem har det siste gode halvåret hatt nokre «treff» der songane til Bjørn Eidsvåg har stått i fokus. Dette har slege godt an og folk har satt pris på å få vera med på å synge sjølve også. Det er mange som kjenner desse songane godt. Vi har tenkt å halde på litt med dette og neste stopp er i fjellkyrkja på Skafsåheia 4. oktober. Gjengen består av Hallvard Jørgensen, Sigrunn Kvamme, Sverre Solvang, Robertas Lamsodis og Jan Haugen.

Vil også melde att fredag 11 oktober blir det gjensyn med Sindre Løvik og Cash-gjengen. Det blir stor konsert i Kviteseid kyrkje denne kvelden. J. Cash songar i for det meste, men litt anna country i tillegg også. Set av datoen allerede nå.

Jan H.



Minneboka til Endre

Fyrste gongen eg helsa på Endre Sandland var noko ut på 90-talet. Eg dreiv som skogsarbeider for Telemark Tømmerslag og fekk ei drift hos Endre i Ordal. Då var det ikkje tale om å eta nista i traktoren, nei. Eg måtte inn, om han var heime eller ei. Ikkje ein dag utan noko godt på bordet. Dette sit godt i minnet mitt. Endre tek imot meg på KOS i dag. Me har gjort avtale om eit intervju denne dagen. «Det bli nå som å sita å rø vanleg

detta», seier han. Han har nettopp hatt nokre fine dagar heime på garden hos son sin, men er tilbake på rommet på KOS nå.

Ein god oppvekst i Sandlandsgrendi
Endre vart fødd 12.september 1929 på Sandland Søndre i Sandlandsgrendi. Denne grendi var adskilt frå Ordal på denne tida. Han var eldst av tre sysken og er den einaste som lever av dei i dag. Oppveksten var prega av mykje

song, felespel og folkemusikk. På denne tida var det mange ungar i grendi og Endre fekk gode barneår. Skulegangen starta på todela grendeskule. Dei skreiv på «gamlemåten» med i-form men gjekk over til a-form etterkvart. Songen stod i fokus også på skulen, og det var sjølvstøtt at det skulle lærast utanat. Desse songane sit den dag i dag. Endre fortel at han måtte synge sogekvede av Olav Tryggvason for bestemor si. Songen har alltid hatt stor plass i Endres liv og verke. I tillegg til songen måtte mykje av katekisma og bibelsoga også lærast utanboks. Dei to siste skuleåra hadde han Tor Skarprud som lærar, og undervisninga vart litt friare. Dette var i krigsåra og skuleplanen vart noko ujamn. Ein gong avslutta dei skuleåret i mars. Det var tomt for ved!

Konfirmasjon med papirhatt og tunge krigsdagar

Me kjem inn på konfirmasjonstida. Fyrste gongen Endre «møtte for presten» var 17. mai 1943. Konfirmasjonsdagen vart dei oppstilt etter kvar dei budde i Brunkeberg. Denne dagen stilte Endre i dress, sokkar laga av mor og på toppen ei luve av papir! Det var den 26. september og Endre hadde nettopp fylt 14 år.

Som nemnt tidlegare gjekk Endres skule- og ungdomsår føre seg i krigsåra. Dagen då naboen Eivind Groven kom opp i tunet med beskjed om at tyskarane hadde teke seg inn i landet, vart spesiell og tung. Lite

arbeid fekk dei gjort, og dei vaksne var alvorlige. Det fall nokre tårer denne dagen.

Kvardagen gjekk sin gang. På nabogarden hadde dei folkemottakar, og slik fekk dei vite korleis stoda var ute i verda. Endre minnst ein dag han gjekk heim frå skulen. Då kom det så mykje fly i lufta. Det var bråk og dur over dei alle stadar. På garden hadde dei det dei trong. Noko korn og poteter vart gøymd unna og dei berga seg på det. Så var det ein dag i 1944. Brått var tunet fullt av tyske soldatar. Det var kontroll. Det gjekk bra, så vidt. Endre kan minnst at han måtte fylgje ein soldat ned att til veggen. Soldaten fann ikkje fram i mørkret. Det var ein svært takksam soldat som tok farvel med Endre den kvelden.

Om dagane i april 1940 nok kan vera litt dystre minne, står maidagane i 1945 att som reine festdagar for Endre. Dagen er 7. mai 1945. Bjørka står grøn og frodig. Endre er ute og gjeter sau. Foreldra er i gravferd. Då går flagga til topps på gardane rundt. Det er fred! Feiringa 17. mai dette året vart ei oppleving. Først i skulestoga, så på ungdomshuset. Det var stappfullt av folk, og dansen gjekk til morgonen, fortel Endre.

Gardsarbeid og variert militærtjeneste

Ting kom etter kvart i gang att og Endre måtte i arbeid. Foreldra såg nok helst at han tok lærarutdanning, men slik vart det ikkje. Det blei snikkarskule i Brunkeberg og ungdomskule på

Sagavoll, men Endre treivst nok best heime på garden. Glad i naturen har han alltid vore, og med tri mjølkekyr, ein saueflokk, geiter, gris og nokre høner, var det nok å hjelpe til med. Far til Endre var slaktar og snikkar. Endre fekk vera med han. Arbeidet som slåttekar vart ein naturleg del av Endres kvardag. Ekstra sterke minne har han frå somrane 1951-52. Då var han slåttekar i Havradalen. Denne staden er neddemt i dag. Dei slo med stuttljå heilt inntil snøfonnene, men graset var grønt og frodig. Eige kraftverk gav drift til både ljøs og separator.

Me må snakke litt om militærtenesta. Her «ausar» Endre frå minneboka si og imponerer med detaljar om datoar og stadnamn. Mange stader gjorde han teneste. Først var det Toten som hjelpemannskap og i hesteteneste, så til Hønefoss i Arbeidsteneste og krigsøving og vidare Hokksund, Heistadmoen og til sist eit tre veker langt opphald i Svarstad. Der var det spissrotgang i våte myrar og langt gras.

Eit lukkeleg ekteskap og godt arbeid i kyrkja

Tida på Sagavoll skulle prege livet til Endre. Her møtte han Halldis som han seinare vart gift med. Halldis var frå Midtbø i Vrådalen. Ho jobba etterkvart som lærar i Tinn og seinare i Brunkeberg. Halldis gjekk bort i februar og Endre kjenner på saknet etter kona. Men han er takksam for alle dei gode åra dei fekk i lag. Dei fekk tre

born og etterkvart har det også blitt tre barnebarn. På rommet til Endre heng det teikningar frå dei små han er bestefar til.

Kyrkja vart etterkvart Endres arbeidsplass, som kyrkjetenar i Brunkeberg i 10 år. Dei slo graset to gonger i løpet av sommaren og alt blei henta til dyrefor! Ni år som klokkar i Brunkeberg vart det også, og til slutt to år i Seljord kyrkje. Heime på garden står det også eit kapell som i byrjinga kun var meint å vera eit lite byggeprosjekt for borna. Men det enda med at biskop Støylen vigsla bygget i 1968. Kyrkja og Gudsordet har alltid betydd mykje for Endre, og når han talar om dette er det med stor respekt. Han gler seg over sansane og kjenner på Guds signing over livet. Etter år med tungt arbeid, mykje gåing, sykling og ikkje minst ski, er nok helsa noko redusert, men han klagar ikkje. Ski, ja, eg kan ikkje koma utanom å nemne at Endre ein gong gjekk ned til krysset ved veggen på ski, sette dei i «brauta», tok bussen og var borte i to månader. Då han kom attende, stod skia der like fint. (Korleis hadde det gått i dag, tru...?)

Tida går fort i godt selskap og eg må etterkvart takke for praten med Endre. «Du må koma att ein gong sø kan me rø meir», seier han. Det vil eg gjera. Det er att nokre sider til i Endres minnebok, forstår eg.

JAN H.

Prestens hjørne

Då eg var ferdig med utdanninga mi frå Menighetsfakultetet, budde eg ein periode heime hjå mamma og pappa medan eg arbeidde; det var ei billig og grei løysing. Men etter ei stund tenkte eg ”No er det nok!” Då var det på tide å flytte ut. Det var ikkje noko gale med foreldra mine, dei er snille og gode. Men eg opplevde, som naturleg er, at eg trengte å bli litt meir sjølvstendig og klare meg sjølv, og ikkje lenger vere ”veslegut”.


Det var eigentleg interessant å bu heime att denne perioden. Eg fekk merke kor djup og sterk påverknad foreldra mine hadde på meg, sjølv om eg var ein vaksen mann. Det var jamvel noko umedvite, noko eg ikkje kunne kontrollere sjølv. Slik trur eg det er for dei fleste av oss, sjølv vi som er vaksne. Vi ber med oss den mangfaldige arven vi har fått frå heimen og foreldra. Vi kan ikkje unngå å vere prega av deira haldningar, oppfatningar, ynskje, verdiar, vanar og livssyn. Det er liksom heimen og foreldra som – på godt og vondt – er det utgangspunktet, den ”fasiten” og ”normen” som ein ber med seg i livet.

Det gjeld å gje borna det som er sant og rett og godt. Eg trur at det er noko dei aller fleste foreldre ynskjer for borna sine. For min eigen del er eg takknemleg for trua på Gud og



evangeliet, som eg har fått med meg frå mine foreldre. Dette var ei tru som dei hadde fått av sine foreldre att. Og syster mi, som har småborn, gjev trua vidare til dei. Det kan dreie seg om så små ting som å synge for maten, å lese i barnebibelen, å be kveldsbøn eller å gå i kyrkja. Det er viktige handlingar som er med på å forme borna, og som gjev ein god og viktig ballast for livet.

Hallvard N. Jørgensen



I Kristus, nær livet - ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.

(Frå Den norske kyrkja sitt visjonsdokument 2009–2014,
vedteke av Kyrkjemøtet 2008.)

Døypete

- Brunkeberg: Madelen Østtveiten-
Andersen.
Edvard Rannestad
(busett Kviteseid sokn).
- Kviteseid: Knut Olav Vesterdal
(busett i Brunkeberg
sokn).
Ånond Grave (busett i
Vinje).
Kari Anne Staaland
(busett i Øyfjell).
- Vrådal: Endre Haugerud
Gulliksen.
Chris Alexander Einarsen
(døypet i Falnes sokn).

Gravlagde

- Brunkeberg: Tor Haugen.
Ragna Berge.
- Kviteseid: Gudny Grave.
Arne Bjørnson.
Björg Dahlen.
- Vrådal: Ingebjørg Fagerlid.



Flyttemelding

I slutten av juni flytter eg til Drammen. Det nærmar seg då 11 år sidan eg kom til Kviteseid som prest. Dei siste åra har eg vore ute av stillinga, men eg har likevel sett og møtt mange av dykk i ulike samanhenger.

No kjenner eg at tida er inne for å skifte bustad. Eg trur det vil gjere meg godt med eit større miljø og nye impulsar. Då er Drammen passe stort og passe sentralt. Eg leiger husvære nær sentrum, kort veg frå jernbanestasjonen.

Kviteseid prestegjeld har vore ein god stad å vere. Her er eit venleg bygdelynne, gode samarbeidstilhøve, vakker og variert natur og fine kyrkjebygg. Eg seier takk til alle gode medarbeidarar i kyrkjestaben og i kyrkjelydane, og til alle dei instansar og einskildmenneske eg elles har samarbeidd med ved ulike høve. Eg takker for alle stundene med kristent fellesskap i gudstenester, i andre samkomer og i personlege møte.

Vidare takker eg alle dei mange som har synt meg tillit i glade eller tunge stunder i livet, og som kanskje har lukka meg inn i noko personleg.

Likeeins takker eg for kvar ein triveleg småprat langs vegen!

Her er ei lita forteljing til slutt. Då eg var ein liten gut, gjekk eg på plommeslang saman med nokre vener. Eg visste det var urett å stele, og då kvelden kom, var samvitet så dårleg at eg måtte fortelje det til mor. Då sa ho

noko eg aldri har gløymt. ”Dette kan vi gå til Jesus med,” sa ho, ”for han har sagt: ”Den som kjem til meg, vil eg aldri støyte bort!” Så tok vi det med i kveldsbøna, og den som sovna glad og trygg den kvelden, det var eg.

Desse orda av Jesus har eg hatt bruk for mange gonger gjennom livet. Den innbydinga som ligg i dei, vil eg no gje vidare til dykk som les dette. Det som Jesus kjem med, er grunnleggjande godt. Han vil oss vel. Derfor ønskjer og voner eg at de alle vil følgje han!

Med venleg helsing
Kjell Arne Norum

Bøner

Noko å takke for

Sommar! Ljose kveldar. Blomar og alt som gror. Jordbær!

Gode menneskje! Dei som gjer det lettare for oss å leve. Dei som gjer det lettare for oss å tru på Gud.

Den Heilage Ande – som gjev kraft, kjærleik og visdom.

Noko å be for

At sommar og ferie kan gje kveik og nye krefter.

Fred og forsoning i nære relasjonar.

Fred og forsoning mellom folkegrupper der det rår hat og krig.

At kvar og ein av oss kan ta steget fullt ut og følgje Jesus.

Returadresse:
Kyrkjekontoret
3850 Kviteseid

Gudstener

JUNI

Sun. 23. 5. s. i treeiningstida Matt. 18,12-18
Fjågesund kl 11. Jørgensen.

Sun. 30. Aposteldagen. Mark. 3,13-19
Sud-Kilen gard i Kilen kl 12. Friluftsgudsteneste ved
Øyvind Jørgensen. Oftr. kyrkjelydsarbeidet.

JULI

Sun. 7. 7.s. i treeiningstida. Mark 5, 25-34
Brunkeberg kl 11. Jørgensen. Oftr. NKSS.
Vrådal kl 16. Jørgensen. Oftr. Kirkens SOS.

Sun. 14. 8.s. i treeiningstida. Mark 12, 28-34
Kviteseid kl 11. Jørgensen. Dåp. Oftr. IKO.

Sun. 21 9.s. i treeiningstida. Luk. 6, 36-42
Undeberge kl 16. Valle. Oftr. Sjømannskyrkja.
i Fjågesund

Sun 28. 10. s. i treeingstida. Mark. 11, 25-26
Kviteseid kl 11. Valle. Nattverd. Oftr. Agder og
gamle kyrkje Telemark bispedømeråd.

AUGUST

Sun 4. 11. s. i treeiningstida. 1.Mos. 21, 9-13
Vrådal kl 11. Valle. Nattverd. Oftr. Barne- og
ungdomsarbeidet.

Meinstad kl 15 Valle.
i Kviteseid

Sun. 11. 12.s. i treeiningstida. Joh. 4,27-30,39-43
Morgedal kl 11 Gudsteneste. Valle. Oftr. Normisjon.
grendehus
Kilen kapell kl 16. Valle.

Sun. 18. 13.s. i treeiningstida Joh. 15, 13-17
Kviteseid kl 11. Jørgensen. Nattverd.
gamle kyrkje

Sun. 25. 14.s. i treeiningstida. Matt. 19, 27-30
Vrådal kl 11. Jørgensen. Oftr. Sjømannskyrkja

SEPTEMBER

Sun. 1. 15. s. i treeiningstida. Rut 1,7-11,16-19a
Brunkeberg kl 11. Familiegudsteneste. Valle.
Unge Røyster.
Oftr. Telemark Søndagsskolekrets.

Sun. 8. 16. s. i treeiningstida. Matt.11, 16-19
Kviteseid kl 11. Valle. Kviteseid Kyrkjekor.
Oftr. kyrkjelydsarbeidet.

Sun. 15. 17.s. i treeiningstida. Mark. 5, 35-43
Fjågesund kl 11. Jørgensen. Nattverd.
Oftr. Kirkens Bymisjon.

Sun. 22. 18.s. i treeiningstida. Mark. 1, 40-45
Vrådal kl 11. Valle. Nattverd. Kviteseid Kyrkjekor.
Oftr. Kyrkjelydsarbeidet.

Kviteseid kl 16.30. Familiegudsteneste. Kviteseid
Barnegospel. Oftr. Kristenrussprosjektet.

Sun. 29. 19. s. i treeiningstida. Luk. 9, 57-62
Brunkeberg kl 11. Jørgensen. Nattverd. Oftr. KIA.

OKTOBER

Sun 6. 20. s. i treeiningstida. Ef. 6, 1-4
Kviteseid kl 11. Valle. Nattverd.
Oftr. Kvitsund gymnas.

Sun. 13. 21. s. i treeiningstida Luk.12, 13-21
Vrådal kl 11. Valle. Oftr. NKSS.

Sun 20. 22.s. i treeiningstida. Luk. 10, 25-37
Kviteseid kl 11. Jørgensen. Oftr. Stefanusalliansen